



Rundt rekna 100 kom til skulemusikkens basar i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den tradisjonsrike basaren som utgjer ein av dei to økonomiske hovudpillarane til skulemusikken vart ein suksess også i år. Då den iherdige basarkomiteen rekna seg ferdig søndag ettermiddag stoppa dei på nesten 37.000 kroner og det er eit svært godt resultat samanlikna med tidlegare noteringar.**

Rekorden ligg noko over 40.000. Men det var lagt eit godt grunnlag.. Allereie før sjølve basaren i Helgheim var meir enn 20.000 sikra under loddsal i butikken og på bygda..



Dei fekk treårsmedaljen: Jostein Bauge, Hans Fredrik Zimmer, Stian Myklebust og Ingebjørg Haugland (frå venstre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tiltross for konkurrerande finver møtte det rundt rekna 100 i Helgheim og dei var svært villige til å yta til det gode føremålet. At dei på denne måten bidrar til å heve nivået til skulekorpset gav korpset sjølv eit døme på gjennom dei tre numra dei spela i starten, leia av den aldri sviktande vikardirigent Magnhild Haugland. Både "Gonna fly now", "Sir Duke" og "Bruremarsj" har ein så høg vanskegrad at sjølv vaksne korps har problem med dei. Men alle tre inngår i programmet under storkonsertane med Frank Brodahl i Rosendal og Uskedalen om to veker. I så måte var minikonserten i Helgheim ein generalprøve og den var utan tvil vellukka. Det ligg an til å verta ein storkonsert.



Dei fekk femårsmedaljen: Thomas Halvorsen, Kristine Ludvigsen, Julie Myklebust og Lene Myklebust (frå venstre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også denne gongen hadde ein basarkomite gjort ein kjempeinnsats på førehand. Gro Hjelmeland (leiar), Magni Traavik, Anne Jorunn Kjærland og Svanhild Haugland fekk stor ros av den rutinerte basarleiar Thor Inge Døssland mellom anna for at gevinst-talet var ekstra høgt i år. Mange gevinstar var gjeve av folk som ikkje har ungar i korpset. Eit høgdepunkt under også denne basaren var servering av kaker av ualminneleg høg standard og det må også komiteen berømmast for.

Eit tradisjonelt høgdepunkt var også denne gongen medaljeutdelinga. Stian Myklebust (slagverk), Ingebjørg

Haugland (kornett), Jostein Bauge (baryton) og Hans Fredrik Zimmer (baryton) fekk treårsmedaljen medan Lene Myklebust (eufonium), Kristine Ludvigsen (kornett), Thomas Halvorsen (tuba) og Julie Myklebust (althorn) fekk femårsmedaljen.

Thor Inge roste musikantene fordi dei er både tålmodige og flinke. Han var glad for at dei satsar på musikk i fritida, for dette er noko verdfullt å ta med seg når dei skal ut i den store verda. Han kalla det "ein sosial gevinst". Så oppfordra han dei sterkt til å bli med på sommarkurs også i 2008.

Av Ola Matti Mathisen



Lars Andres Sæbø vann ei dokke under basaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)